

PRESSEMELDING

8. mai 2018

Korleis i alle dagar skal fylkesvåpenet sjå ut?

Ja, det spør vi innbyggerane om hjelp til fram til 20. juni.

I denne perioden er det open innspelsrunde og første del av konkurransen, som til slutt skal gje det nye storfylket i vest det nye fylkesvåpenet.

– Dette er ein milepåle i arbeidet fram mot ei felles identitet i ein samla ny vestlandsregion, seier fylkesordførarane Anne Gine Hestetun i Hordaland og Jenny Følling i Sogn og Fjordane.

Dei er glade for å invitere alle innbyggerane til å delta i konkurransen anten ein vel å komme med forslag sjølve eller berre stemme på forslag.

Alle kan røyste på sin favoritt

Når alle forslaga er komne inn 20. juni skal ein folkejury og ein fagjury velje ut 10 finalebidrag kvar. Desse går vidare til ei online røystegjeving der alle innbyggerane kan røyste på sin favoritt. Forslaga går så vidare til minst tre designbyrå. Dei står fritt til å bruke forslaga som inspirasjon eller teikne eit nytt forslag ut frå tema gitt av ein fagkomité. Det er fylkestinga i dei to fylka, som til slutt skal vedta nytt fylkesvåpen i desember.

Sjå alt om konkurransen til det framtidige fylkesvåpenet på www.vlfk.no.

Kontaktpersonar:

Fylkesordførar i Hordaland Anne Gine Hestetun - 995 64 643

Fylkesordførar i Sogn og Fjordane Jenny Følling - 479 05 990

Fylkesdirektør for kultur og idrett i Hordaland fylkeskommune, Per Morten Ekerhovd – 957 60 481

Korleis i alle dagar skal det nye fylkesvåpenet sjå ut?

Kva for motiv?
Kva for farge?



Sjå alt om konkurransen:

www.vlfk.no

@fylkesvåpenvest